

Til Radøy kommune  
v/Lisbeth Toppe Alvær  
5936 MANGER

K O P I

### **Krav om oppretting av feil og manglar på eigedommen min, gnr 74, bnr 44/54 Olsvollstranda.**

Eg viser til møte med Radøy kommune v/Lisbeth Toppe Alvær om feil og manglar ved dreneringsarbeid utført på eigedommen min i samband med framlegginga av kommunal veg.

I møtet varsla kommunen at eg måtte dokumentera feil og manglar og retta dette fram i krav overfor kommunen.

Vedlagt ligg rapport frå Multiconsult a/s, som dokumenterer det eg har påpeikt, og på bakgrunn av rapporten set eg derfor fram følgjande krav:

1. Dei to sandfangkummene som er etablert på eigedommen min vert straks sett i den stand dei skal etter Vegboknormal – håndbok 018, som veganlegget skulle byggjast etter.
2. Drensrøret som er lagt under vegen i nordre del av min eigedom vert seinka og gjort kjøresterkt.
3. Radøy kommune foretar rørinspeksjon med videokamera av rør som er lagt over min eigedom.
4. Radøy kommune sender meg sjekklister på arbeid med grøfter og innmålt på kart med retning og høgder for rør som er lagt over min eigedom.
5. Radøy kommune dekkar kostnader eg har hatt med å få utarbeidd vedlagde rapport som saksunderlag for krava mine.
6. Radøy kommune bekostar ny oppmåling av eigedomsgrensene, då entreprenør har fjerna desse under anleggsarbeidet.

Så vil eg også få uttalt at eg er særskuffa og kritisk til måten Radøy kommune har handsama meg på i denne saka. Det har vore ei stor belastning for meg å gått gjennom saka, der eg føler eg har blitt mistrudd. I tillegg har det gjort meg vondt å sjå kor dårleg handverk som er blitt utført på, og kor dårleg skattepengane er blitt nytta i denne saka.

Kopi

Eg vil forklara nokre punkt spesielt:

- Mur mot min eigedom. Min eigedom grensar like inn til vegen, som er 6 meter brei. Eg spurte korleis kommunen ville løysa dette, sidan vegen ville liggja høgare enn eigedommen min. Då fekk eg eit avvisande svar at det hadde eg ikkje noko med å gjera. Kommunen har aldri spurt meg om den beste og billegaste løysinga,- nemleg å kjøpa litt areal frå meg, slik at vegen kunne blitt lagt med fyllingsfot i staden for mur. Når kommunen var så lite samarbeidsvillig stod eg på retten til å kreva eigedomsretten min.
- Eg har invitert kommunen til å sjå på dårleg anleggsarbeid fleire gonger, utan at kommunen har iverksett tiltak. Eg har i staden fått ein forståelse av at eg er ein brysom nabo som har lagt meg opp i saker eg ikkje har noko med. For meg verkar det som om kommunen ikkje har hatt kvalitetssikringsrutinar på arbeidet, og gripe fatt undervegs. Dette har forundra meg sidan kommunen sette krav i anbudet at entreprenør skulle oppfylle tiltaksklasse II og at vegen skulle byggjast etter Vegvesenet si håndbok 018.
- Eg hadde fleire opplevingar der kommunen var lite imøtekomande overfor meg, trass i at kommunen bad om og fekk avtale med meg om legging av VA-anlegg over eigedommen min.

I sum har eg hatt så store belastningar med kommunen i denne saka, at eg krev oppreisning for tort og svie på kr 25.000,- frå Radøy kommune, og eg håpar kommunen gjer betre arbeid på framtidige anlegg.

Eg håpar på snarleg svar frå dykk, og eg stiller gjerne opp på møte om de ønskjer det.

Sæbøvågen. 3. januar 2014

Jon Olsvoll Maskinstasjon

Jon Olsvoll

